Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.:
Telefon SFO:




# Vekeplan for 1. steg
# veke 34

| | | MÅNDAG 23/8 | TYSDAG 24/8 | ONSDAG 25/8 | TORSDAG 26/8 | FREDAG 27/8 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1<br>2 | 09.00<br>10.30 | Samling<br>Lesing<br>Tema: Me er saman | Kroppsøving ute på skulen | Samling<br>Lesing<br>Tema: Me er saman | Samling<br>Lesing<br>Tema: Me er saman | TURDAG TIL RAUDMÅLSGRINDI for heile skulen<br><br>Me går saman med fadrane våre<br><br>Eigen info kjem |
| 3 | 10.45<br>11.30 | | Samling | | | |
| | | Lunsj | Lunsj | Lunsj | Lunsj | |
| 4<br>5 | 12.00<br>13.30 | Tema: Me er saman | Faddertid | Me er saman | Tema: Me er saman | Avslutting på skulen |
| 6 | 13.45<br>14.30 | | | | | |



| | | | |
|---|---|---|---|
| **LEKSE TIL TYSDAG:**<br>**Kroppsøving:**<br>Ha på deg klede og sko som det passar å ha kroppsøving ute i. Gjer dette klart måndag før du legg deg. | **LEKSE TIL ONSDAG:**<br>Snakk med ein vaksen heime om kva ein venn er. Kva vil det sei å vere venner?<br>Teikne noko som handlar om vennskap i Monsterboka di. Hugs å fargelegge!<br>Monsterboka skal leverast i meldemappa til ein vaksen på skulen onsdag. | | **LEKSE TIL FREDAG:**<br>**Uteskule:**<br>Ver med å pakke tursekken din. |

**Vekelekse:**

| **Norsk øveord:** | **Matematikk øveord:** | **English:** |
|---|---|---|
| venn<br>venner<br>vennskap | | |

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.:
Telefon SFO:




## Meldingar



Fyrste skuleveke er allereie over og me gler oss til tida framover!

Slik som i førre veke, har me fokus på sosialt samspel denne veka. 1AB er mykje saman både ute og inne. Når me er saman leikar me både i små og store grupper. Denne veka brukar me mykje tid på omgrepa venn, venner og vennskap. Snakk gjerne mykje om det heime og!

Hugs å sjekke at korgene i garderoben har reine og tørre byteklede. Når været vert våtare treng elevane regnklede og støvlar på skulen. Det er fint om de foreldre/føresette tek heim ytterklede til vask og eventuelt våte sko på fredagane, slik at det er reint og tørt til ny skuleveke når måndagen kjem.

I skuletida er det ikkje lov til å vere i klatrejungelen med hettejakke. Viss jakka har hette, hjelper me til med å brette hetta inn i jakka viss barnet har lyst til å leike i klatrejungelen. På regnværsdagar eller kalde dagar, treng ungane då gjerne ei hue dei kan ha på seg i staden for hetta. Det er derfor fint om de legg ei lue i garderoben.

Denne veka er me saman med fadrane våre dei to siste timane på skulen **tysdag** og på turdagen **fredag.** De får heim meir info om turdagen til Raudmålsgrindi i løpet av veka.

Leikanger barneskule er ein peanøttfri skule.

Hugs å sjekke den blå meldemappa med jamne mellomrom.

Foreldremøte vert i veke 35, tysdag 31.august 17.30. Invitasjon med sakliste kjem.

Vekeplanen får de i fysisk format, i tillegg til at den vert lagt digitalt på heimesida til skulen. Her legg me også periodeplanar for sosialvekene, som er dei to første og dei siste vekene av skuleåret, samt bolkar på seks veker.

**Andrea og Mari**

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337